



Ekte pizza etter beste Liguria-oppskrift er servert, av president Rebaudo og styremedlem Bjørg Stuland.

Det går mot vinter igjen også i fjellområdet mellom Syria og Libanon og dei små i flyktningeleirene fryser på beina. Derfor sluttet Lions-medlemmene i Kvinnherad som møtte på klubbmøtet i Gamleskulen ikveld samrøystes opp om forslaget frå president Gianni Rebaudo frå Uskedalen om å hjelpe. Også vi vert med dette med på innsamlinga av varme ullsokker, strikka ull og ullundertøy og dessutan vintersko og leiker. Vi kjem att med rettleiing om korleis innsamlinga skal skje, men det var framme forslag om at ho best og mest effektivt kan skje gjennom barnehagane.

Rebaudo vart president i april for Kvinnherad Lions Club og valet gjeld for eitt år. På møtet presenterte han seg sjølv og ettersom han kjem ifrå Castelvitorio tett på den italienske riviera serverte han ekte og velsmakande pizza under møtet,

Med seg i styret har han Jan Borge Ingvaldsen frå Husnes, Olav Ulvenes frå Ølve, Sølvi Ulvenes frå Øyre, Bjørg Stuland frå Seimsfoss. og Borgny Hovda frå Rosendal. Jan Borge Ingvaldsen vart heidra for å ha vore aktivt med i 35 år.

Verksemda til klubben soim i mange år har hatt base i Uskedalen er god, mellom anna med loppemarknad her som også i år gav oppunder 20 000 kroner. I denne samanhengen var det kommentarar til Voss-klubben som nærmast er gått under.

For dette Lionsåret er mottoet at ein skal vera stolt over dette medlemskapet som 27 er med i frå i for tida i vår kommune og der målet er å auka til 30. Det vert halde fram at stoltheit er noko vi kjenner når vi gjer npko godt for kvarandre.

Hovudoppgåva dette året er Røde Fjær-aksjonen som starta i 1966 med den store aksjonen for Beitostølen og vert halden kvart fjerde år. Seinare er mange andre prosjekt tilgodesett og det stoppar sjølv sagt ikkje no.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Det var godt fram møte i Gamleskolen